



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 23/2022

Møtedato: 31.08.22

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Fnr 226: Etablering av avløpsanlegg utanfor festetomt - hytte

Eigar av hyttefeste Fnr 226 på Murkelie, har søkt om å få etablere avløpsløyse for ny hytte. Pga nærleik til andre tomter, tilrår Røn VVS som er ansvarleg prosjekterande å flytte deler av infiltrasjonsgrøft 5-7 meter utanfor avsett festetomt. Dette er då utanfor delegert mynde til administrasjonen, og dette vert då fremma for politisk handsaming.

Det er ingen andre parter som er rørd av dette føreslegne tiltaket, og det er pr nå ikkje stølsjorde i umiddelbar nærleik.

Området kring hytta er imidlertid avsett til «dyrbar jord» i vegetasjonstype-kartlegging. Dermed er det rom for at det i framtida kan bli dyrka jorde/beite på dette arealet.

Administrasjonen er positiv til denne lille utvidinga av bruken av tomta, men det inneber ikkje ei utviding av tomta ut over 1 daa. Vidare må festar av hyttetomt Fnr 226 bære all risiko dersom det arealet i framtida skulle bli nytta til landbruksføremål.



Med det som bakgrunn tilrår administrasjonen ei positiv haldning til at infiltrasjonsgrøft kan plassert 5-7 meter utanfor oppmålt festetomt.

### Framlegg til vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positive til at infiltrasjonsgrøft kan plasserast 5-7 meter utanfor oppmålt festetomt, jfr søknad.

Vilkår er at søker er sjølv ansvarlig for alle ulemper/kostnader som måtte komme dersom arealet seinare vert utvist til anna landbruksføremål.

### Vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positive til at infiltrasjonsgrøft kan plasserast 5-7 meter utanfor oppmålt festetomt, jfr søknad.

Vilkår er at søker er sjølv ansvarlig for alle ulemper/kostnader som måtte komme dersom arealet seinare vert utvist til anna landbruksføremål.

Vedtaket er samrøystes.

*Tilråding frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.*

Vestre Slidre fjellstyre den 02.09.22

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift: